

## Facebook som kjelde for norske dialektord.

*Tor Erik Jenstad*

*Språksamlingane i Bergen, prosjektet Norsk Ordbok A-H*

Forfattaren arbeider på prosjektet NO-AH (forkorting for Norsk Ordbok frå A til H). Norsk Ordbok vart fullført på papir i 2016. Ordboka dekkjer nynorsk skriftspråk og norske dialektar. Dei siste sju banda, med bokstavane I – Å, er også publisert i ein digital versjon. I det nye prosjektet, som starta i 2019, skal dei fem første banda reviderast, oppdaterast og digitaliserast i samsvar med standarden i dei siste sju banda (sjå Myking et al 2020). Dialektopplysningane vil bli suppert på alle nivå i artiklane. Det ligg ei utfordring i å utfylle og oppdatere dialektmaterialet, når det ikkje lenger blir drive aktiv innsamling. Norsk Målførearkiv er lagt ned, og ved Språksamlingane i Bergen har ein ikkje ressursar til anna enn å ta imot og registrere det ein får inn.

Norske dialektar er i sterk endring, men dei er framleis i høgste grad levande. Dialektbruken er faktisk aukande både i sosiale media og i det offentlege rommet. Eit uttrykk for den stadig sterke interessa for dialektar er dei mange facebook-gruppene som fokuserer på dialekt. Forfattaren følgjer med på mange av desse gruppene og nyttar dei for å skaffe informasjon om dialektalt ordforråd. Bidraget vil gi døme på materiale som er komme fram gjennom Facebook-gruppene, og korleis dette kan bli brukt i redaksjonsarbeidet ved NO A-H. Fordelar og ulemper ved Facebook som kjelde vil også bli drøfta. Eit innleiande arbeid om Facebook som kjelde på eit meir lokalt plan, er Jenstad 2012.

### Litteratur

Jenstad, Tor Erik (2012): Dialektgrupper på Facebook. I: *Du mitt Nordmøre 2012*, s. 76 – 80. Sunndalsøra: Nordmøre mållag.

Myking, Johan, Grønvik, Oddrun og Helset, Stig Jarle (2020): Nettbrukaren i fokus: digitalisering og revisjon av Norsk Ordbok a-h. I: *Nordiska studier i lexikografi 15*, s. 235-244.

Norsk Ordbok (1966-2016): Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet